

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 25.07.2018
Vår ref.: 2018/12994-5
Saksbehandlar: evevaul
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Orientering om vedtak - tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar 2018

Det vert vist til dykkar søknader om tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Innan fristen den 1. mai 2018 var det mottatt tre søknader. Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) gjorde i møte 5. juni 2018 (i sak PS 27/2018) vedtak om følgjande tildeling frå tilskotsordninga:

1. Askøy kommune får tildelt tilskot på kr. 130.000 til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
2. Ulvik herad får tildelt tilskot på kr. 200.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.

Møteprotokoll og saksframlegg til sak PS 27/2018 finn ein her:

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=703>

I samband med prosjektet Trafikksikker kommune har Trygg Trafikk utarbeidd eit døme på korleis ein kommunal trafikksikringsplan kan utarbeidast. Denne finn de vedlagt. Ei oppdatert utgåve er under arbeid. Den nye utgåva vil synleggjera korleis kommunane gjennom konkrete tiltak kan bidra til måla sett i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021. Skal me nå desse måla, må også kommunane vera medvitne i korleis dei jobbar med trafikksikring. Fylkeskommunen er høyringspart for planen, og endeleg plan skal sendast til Hordaland fylkeskommune.

Om tilskotsordninga

Det er eit ynskje hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar. Planane bør visa kva for utfordringar kommunane har på trafikksikringsområdet gjennom ulykkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak, så vel som organisatoriske tiltak.

I handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 vart det sett at eigne midlar til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Dette er vidareført i fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) sitt budsjett for 2018, der ramma for tildeling av midlar vart sett til 330.000 kr. Tildeling skjer etter søknadar, som vert handsama i FTU. Tilskotsmidlane vert utbetalt omgåande.

Vilkår for tilskotsordninga

Følgjande vilkår gjeld for tilskotsordninga:

- Tilskotet kan gå til kjøp av konsulenttenester og trykking.
- Tilskotet kan ikkje nyttast til å dekkja administrative kostnader og driftsutgifter.
- Hordaland fylkeskommune sin revisor kan gjennomføra kontroll med at tilskotet vert forvalta slik det går fram av søknad og vedtak.

- Om tilskotsmottakar gir misvisande opplysningar, eller ikkje nyttar tilskotet i samsvar med vilkåra, vil tilskotet verta avkorta/inndratt.

John Martin Jacobsen
leiar

Even Vaular
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Mal kommunal trafikksikkerhetsplan